

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Einar Aagård
Arkivsaksnr.: 05/00845

Arkiv: 61

SAL AV DAUGSTAD SKULE

Ordføraren si innstilling:

Vestnes kommune sel Daugstad skule, gnr. 6, bnr. 5, til Villa Salmon AS for kr. 900.000,-. Kjøpar dekkjer i tillegg salskostandane, dokumentavgift og tgl.gebyr for skøyte. Som grunnlag for handelen ligg elles kjøparen sitt tilbod av 14.09.06 og protokollen frå tingingsmøte den 09.10.06.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN:

Det er tidlegare fatta vedtak om at eigedomar kommunen ikkje lenger har bruk for skal seljast.

Salet av Daugstad skule er truleg det siste i denne omgang, etter at ein siste 5-6 åra har selt eigedomar for omlag 17 mill. kroner, og at det no ikkje er fleire objekt å selje.

Eigedomen vart lyst ledig i lokalvisene på vanleg måte og det vart laga til eit salsprospekt. Frist for bud var sett til 15.09.06. Det kom inn eitt bod, frå Villa Salmon AS, Daugstad.

VURDERING:

Forhandlingsnemnda hadde tingingsmøte med bodgjevarne den 09.10.06. Tilbodssummen vart forhandla opp frå 800.000 til kr. 900.000, med overtaking alle reie den 01.11.06. Som kjent held Tresfjord Barnehage til midlertidig i skulen til ombygginga er ferdig i Tresfjord ca. 01.02.07. Kjøparane har gitt løyve til at det vert sambruk ei tid i bygget, noko som skal avklarast nærare i ein eigen avtale.

Frå Daugstad Vel har det kome ei oppmoding, sjå vedlagte brev av 15.09.06. Velforeninga skriv mellom anna: "Bygdamøtet vil så sterkt en kan, be kommunen bidra økonomisk, slik at en ny eier kan stille delar av arealet gratis til disposisjon for bygda".

Frå forhandlingsnemnda si side har det vore klart at ein ikkje vil rå til at det vert lagt føringar om dette i kjøpsavtalen. Det bør vere i sak mellom kjøparane og Daugstad Vel utan innblanding frå kommunen. Eventuell støtte til slike tiltak, må kome med årlege søknadar direkte frå Daugstad Vel, evt. frå bedrifta.

Konseptet for utnytting av eigedomen går fram av tilbodet.

Forhandlingsnemnda vil tilrå at avtalen vert godkjent.

- Vedlegg:**
- 1. Annonsetekst etc**
 - 2. Bud frå Villa Salmon AS av 14.09.06.**
 - 3. Uttale frå Daugstad Vel datert 15.09.06.**
 - 4. Protokoll av 09.10.06**

Særutskrift til: Villa Salmon AS, v/Johan E. Andreassen, Villa, 6392 Vikebukt.
Arkivkopi.